

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 24.08.2007
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over aktuelle høyringar per 23.08.07**

Styresak 071/07 O

Styremøte 05.09. 2007

Administrerende direktør si orientering pkt 10

Dato for brev	Saka gjeld	Status
10.04.07	Forslag til endring i legemiddelforskrifta kap 14. I forslaget blir det opna for at søknad om førehandsgodkjent refusjon skal kunne sendast Statens legemiddelverk før eit legemiddel har fått marknadsføringsløyve.	Høyringsfrist 10.07.07. Saka sendt Apoteka Vest HF for innspel og merknader.
23.04.07	Forslag til utviding av pasientombodsordninga.	Høyringsfrist 23.07.07. Saka sendt helseføretaka og regionalt brukarutval for innspel og merknader. Uttale sendt 25.07.07. Helse Vest støttar i hovudsak departementet sitt forslag til endring som inneber å utvide pasientombodsordninga til også å omfatte kommunale helsetenester og sosiale tenester. I uttalen er det peikt på at dette vil medverke til at ein betre enn i dag kan vurdere pasienttilbodet heilskapleg, og at det vil styrke rettstryggleiken for brukarane.
11.05.07	Høyring til referanse katalog over anbefalte og obligatoriske IKT-standardar for offentlege verksemder.	Høyringsfrist 20.08.07. Uttale sendt 20.08.07. I uttalen er Helse Vest positive til at det er teke initiativ til å auke bruken av opne standardar gjennom utvikling av ein referanse katalog. Det er mellom anna peikt på at det er viktig at standardar ikkje vert gjort obligatoriske før dei er tilstrekkeleg modne og konsekvensane er kartlagde og handterlege.
16.05.07	Forslag om endringar i ekteskapslova mv – felles ekteskapslov for likekjønnede og ulikekjønnede par	Høyringsfrist 01.09.07.
25.05.07	Høyring om rett til redusert arbeidstid for arbeidstakarar over 62 år (ny arbeidsmiljølov § 10-2 nr 4).	Høyringsfrist 23.06.07. Helse Vest har i tilbakemelding uttale at vi ikkje har merknadar.
30.05.07	Strategiplan for arbeid og psykisk helse.	Høyringsfrist 22.06.07. Saka sendt

		helseføretaka for innspel og merknader. Helse Vest mottok innspel frå Helse Bergen. Brevet frå Helse Bergen er vidaresendt departementet.
13.06.07	Forslag til endringar i struktur på abortnemndene. I tillegg til endring i sjølve strukturen, inneberer forslaget også at det berre blir stilt krav om primærnemnd ved dei sjukehus som utfører nemndbehandlande svangerskapsavbrot.	Høyringsfrist 12.09.07. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknader.
12.06.07	Utkast til saksbehandlingsrettleiar for kontrollkommisjonane i det psykiske helsevernet.	Høyringsfrist 01.07.07. Saka vidaresendt helseføretaka. Uttale gitt av Helse Bergen 26.06.07. Helseføretaket hadde ingen særlege merknader til rettleiaren.
19.06.07	NOU 2007: 6 Formål for framtida – formål for barnehagen og opplæringa.	Høyringsfrist 01.11.07.
23.06.07	Høyringsnotat om endringar i helsepersonellova. Endringa inneber eit forbod mot å lese, ta i mot, søke etter eller på anna måte å tilegne seg, nytte eller ha teiepliktige pasientopplysingar utan at det har eit nærare bestemt formål grunngjeve i tenestelege behov og er i samsvar med lova sine føresegner om teieplikt.	Høyringsfrist 10.09.07. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknader.
22.06.07	Høyring om prising av byttbare legemiddel og apoteka si maksimalavanse.	Høyringsfrist 17.08.07. Helse Vest har bedt Apoteka Vest om å utarbeide forslag til høyringsuttale. Uttale sendt 17.08.09. Helse Vest støttar i det alt vesentlege forslaga til endringar i legemiddelforskrifta. Det er gjeve enkelte merknader basert på innspela frå Apoteka Vest.
29.06.07	Forenklingstiltak ved rekruttering av faglærde arbeidskraft frå utlandet.	Høyringsfrist 15.08.07. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknader. Helse Vest har uttykt at vi er positive til dei endringane som Arbeids- og inkluderingsdepartementet har lagt fram. Forenklingstiltaka vil vere til nytte for helseføretaka i deira rekruttering av fagfolk.
29.06.07	Forslag frå Arbeidstilsynet til nye og endra administrative normer for forureining i arbeidsatmosfære.	Saka vidaresendt helseføretaka med oppmoding om at eventuelle merknader blir sendt direkte til Arbeidstilsynet.
03.07.07	Forslag til forskrift om behandling av helseopplysingar i nasjonal database for elektroniske reseptar.	Høyringsfrist 03.10.07. Saka sendt Apoteka Vest for utarbeiding av forslag til høyringsuttale.
06.07.07	Gruppe B-stretokokker hos gravide og fødande – forslag til nye kliniske anbefalingar.	Høyringsfrist 01.09.07. Saka sendt helseføretaka og regionalt kompetansesenter for sjukehushygiene for innspel og merknader. Uttale sendt 14.08.07. I uttala er det vist til

		at det frå sjukehushygienisk side er uttrykt tilfredsheit med at ein har lagt seg på ei konservativ linje vedrørande antibiotikabehandling. Helse Vest ser på anbefalingane som føremålstenelege.
02.07.07	Forslag om krav til elektronisk kommunikasjon mellom leger og Arbeids- og velferdsetaten. Forslaget inneberer at allmennleger og spesialistar innan 01.01.09 blir pålagt eit rettsleg krav om bruk av elektronisk kommunikasjon ved innsending av krav om direkte oppgjør, sjukmeldingar og legeerklæringar til NAV.	Høyringsfrist 02.11.07.
11.07.07	NOU 2007: 4 Ny uførestønad og ny alderspensjon til uføre.	Spekter er høyringsinstans og har sendt saka vidare til både dei regionale helseføretaka og helseføretaka for innspel og merknader. Frist for innspel er sett til 27.08.07.
26.07.07	Forslag om innføring av tidsfristar for krav om universell utforming av IKT i ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov.	Høyringsfrist 01.10.07.
13.08.07	Forslag til ny byggherreforskrift.	Høyringsfrist 05.10.07. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknader.
15.08.07	Ny forskrift om klinisk utprøving av legemiddel til menneske.	Høyringsfrist 15.11.07.